

KROSSFJORDEN

— kandidat område for marint vern i Hordaland



Taretråling er eit heftig stridstema mange stader på norskekysten. Krevjande undersjøisk topografi gjer at det mest ikkje finn stad taretråling i Hordaland. Ytst i Krossfjorden finst store førekomstar av stortare som aldri har vore hausta kommersielt. Desse tareskogane er ein viktig kvalitet ved Krossfjorden ettersom dei er attraktive oppvekstområde for fisk og mange andre marine organismar, og dette er eit sentralt tema i framlegget om marint vern av området. Foto: Espen Rekdal.

Oppunder 50 000 ulike artar er påvist i norsk natur. Av desse lever meir enn 6000 på havbotnen i Hordaland. Fleirtalet av desse er påvist i Krossfjorden.

Det skuldast sjølvsgat dels at nærleiken til den marinbiologiske stasjonen på Espengrend gjer dette området til eitt av dei best kartlagde i Noreg. Men det skuldast også at mangfaldet er uvanleg stort her. Fjorden er nemleg djup, og det er faktisk på stor djupne mykje av det mest interessante dyrelivet finst.

Store tareskogar

Det er viktig det som skjer på grunnare vatn også. Ned til om lag 20 meters djupne veks store skogar av stortare i dette kandidatområdet. Tareskogen er viktige leveområde for eit stort tal marine dyr, og dermed også viktig oppvekst- og næringssøksområde for mange fiskeslag og sjøfugl. Taren er også ein viktig ressurs for industrien, ved at ein kan framstille alginat av stortaren. Alginat er eit fantastisk råstoff som kan nyttast til mange ulike produkt, frå regnklede, stivelse og mange matvarer. Til dømes er det ein viktig ingrediens i softis.

Omfattande og repeterande taretråling i sårbare område gjer at det mange stader på kysten har utvikla seg sterk konflikt mellom denne næringa og kystfiskarar og verneinteresser. Slik konflikt er mest heilt fråverande i Hordaland. Det skuldast ikkje høgt restriksjonsnivå, men rett og slett at den undersjøiske topografien i vårt fylke er for krevjande for haustingsteknikken som vert nytta, og dessutan er avstanden til næraste mottaksanlegg stor. Hordaland kan difor lettare enn andre ta eit nasjonalt ansvar for å verne om denne spesielle og høgproduktive naturtypen. Tareskogen ytst i Krossfjorden har aldri vore kommersielt hausta, det vi veit. Tareskogane her vil kunne vere viktige referanseområde for framtidig forskning.



Sildekongen sitt latinske namn er *Regalicus glesne*. Det skuldast at dei to første kjende sildekongane i verda vart skylt i land nettopp ved Glesvær, i 1766 og 1769. Arten er ikkje påvist i Noreg sidan 1899. Foto: Ingvar Grastveit.



Foto: Magnus Johan Steinsvåg / Fylkesmannen i Hordaland

Øyriket sørvest i Sund kommune har ei attraktiv kystline med få tekniske inngrep. Eit eventuelt marint vern vil ikkje inkludere privat eigedom på land, heller ikkje på øyar der det ikkje bur folk. Vernegrensa vil gå frå ±2 m under sjøkartnull og utover, og der er det staten som er grunneigar i Noreg. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

Tareskogen er faktisk høgproduktiv. Dagens klimautfordringar gjer det påkravd at vi nyttar naturens eigne metodar for å lagre karbon fullt ut, samstundes som vi må avgrense våre eigne utslipp til atmosfæren så langt vi maktar. Tareskog er svært effektiv til å lagre karbon, faktisk meir effektiv enn barskogen på land. Forskarar har rekna ut at dersom norsk tareskog veks heilt til att, vil den kunne lagre like mykje karbon som all skog i Noreg gjer. Det vert lagra kring 5 millionar tonn CO₂ årleg i norsk skogsjord. Det er likevel langt fram til at all tareskogen i Noreg er intakt. Ein god del vert hausta kommersielt, og nord i landet er store undersjøiske areal heilt beita ned av kråkeballar.

Pigghåen er truga

Fisk er ein viktig del av det biologiske mangfaldet i marine område. Fleire fiskeslag har gode førekomstar i Krossfjorden. Mellom anna er dei ytre delane av fjorden tidlegare kjent for mykje pigghå. Bestanden av denne arten har gått sterkt ned i heile utbreiingsområdet, sikkert også i Krossfjorden. Norske fangstar er redusert med heile 83 % sidan 1980, og arten har i dag status som «sterkt truga» på den norske raudlista. Fisket etter arten er stogga, men utilsikta bifangst i andre fiskeri er like fullt eit omfattande problem.

Kva vil eit eventuelt vern føre med seg?

Marint vern medfører strenge reguleringar i mange land, men ikkje i Noreg. Det omfattar ikkje private eigedomar. Det er meininga at ein skal kunne hauste berekraftig av dei marine ressursane som før, så både fritidsfiske og næringsfiske vert regulert av havressurslova som elles her til lands. Det vert ikkje restriksjonar på ferdsle på sjøen, eller dykking.

Fiske med botntrål, tråling etter tare og opptak av skjelsand vert forbode, men slike aktivitetar eksisterer ikkje i Krossfjorden i dag. Det finst fiskeoppdrettsanlegg i kandidatområdet, men aktiviteten her blir ikkje råka. Søknad om nye anlegg skal handterast etter verneforskrifta i tillegg til lovverk som dei allereie skal vurderast etter, aktiviteten skal då vere i samsvar med verneføremålet.

Forsøpling vert forbode i eit marint verneområde, men dette kan sjølvstøtt ikkje hindre at mykje plast og anna søppel vil drive inn med havstraumane utanfrå. Marin forsøpling er eit omfattande miljøproblem, ikkje berre estetisk, men også for dyrelivet i havet. Oppryddingsaksjonar er ofte krevjande å organisere og vanskelege å finansiere. I norske naturvernområde — også i marine verneområde — vil ein kunne nytte ein spesiell tiltakspost over statsbudsjettet til slike føremål. Norsk natur skal ikkje berre vere naturleg, den skal og vere tiltalende.

Olav Dale er ein av to kystfiskarar som stundom trålar etter reker i Krossfjorden. Bruk av botntrål vil normalt vere forbode i norske marine verneområde, det gjeld også reketråling. Det er likevel mange ubesvarte spørsmål rekebestandane i Noreg, ikkje minst når det gjeld påverknad frå utslipp av kjemikalier i sjøen. Vi ønskjer å nytte dei to registrerte felt for reketråling i Krossfjorden som referanseområde for å utvikle slik kunnskap. Då kan reketråling her halde fram so ein del av eit forskingsprosjekt. Biletet viser Olav Dale i arbeid 10. mai 2016. Foto: Stein Byrkjeland.

